

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I BØMLO BÅTLAG – 12.03.09

Møtet vart avvikla på Bygdatunet, torsdag 12. mars 2009. Det møtte 7 medlemmer.

Sakliste:

### 1. Konstituering

- Innkalling og dagsorden vart godkjend utan merknader
- Willy Lodden vart vald til møteleiar
- Kåre Bogetveit var vald til refrent
- Bernt Emil Vika og Ove Aga vart valde til å skriva under møteprotokollen

### 2. Årsmelding

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

### 3. Revidert rekneskap

Rekneskapet vart godkjend utan merknader. Det vart reist spørsmål om ein burde vurderast å binda renta. Styret skal også vurderer type lån når alt er på plass når me kan setja eigedommen som pant.

### 4. Forslag frå styret til årsmøtet

- **Nytt betalingssystem** for båtplass. Dette for å gjera det meir rettferdig med omsyn til storleiken på båtane. Styret sitt forslag vart samrøystes vedteke. Ny prisliste kan du sjå her.
- **Nedskrivning av båtplassane.** Styret la fram forslag om nedskrivning av verdien med 5% pr år over 10 år. Med dagens pris på 25 000 kr vil ein etter 10 år få utbetalt 12500 kr, dersom medlemmet sel plassen tilbake til laget. Dette vart vedteke samrøystes.
- **Oppjustering av dugnadssatsane** til 250 kr pr time. 2000 kr for 8 t. Medlemmene kan sjølve føra timar på arbeid dei utfører utanom fellesdugnader. Det ligg loggbok i bua. Forslaget vart samrøystes vedteke.
- **Revideringa av vedtektene.** Styret la fram forslag til endringar i vedtektene. Desse endringane er markerte med raudt i vedtektene som ligg på heimesidene våre. **Endringane gjeld §6.6, §7.2, §7.4, §7.8** Endringane vart samrøystes vedteke.
- **Avtale med Eidesvik AS.** I samband med den nye flytebrygga er det inngått ein avtale med Eidesvik AS og BBL. Denne vart lagt fram for godkjenning av årsmøtet. Avtalen vart samrøystes godkjend.
- **Forslag til nye reviderte havnereglar.** Desse vart samrøystes vedteke. Dei ligg tilgjengeleg på heimesidene våre.
- **Forslag om økonomisk godgjerung** til skrivar og kasserar på 1000 kr kvar. Samrøystes vedteke.

### 5. Ny heimeside

Bernt Emil og Kåre presenterte arbeidet så langt med heimesida. Denne er no lagt ut på adressa [www.b-bl.no](http://www.b-bl.no) Dersom det er forslag til endringar, rettingar, nye saker ein ønskjer å få med, ber me om innspel!

## 6. Forslag til budsjett for 2009.

Forslag til budsjett i balanse på rundt 250 000 kr. Det ligg då inne utgifter til fase 1 i prosjektet på kai/pir.

Styret får fullmakt til å arbeide vidare ut frå dette budsjettet.

## 7. Val

Valnemnda la fram sitt forslag til kandidatar til styre som var samrøystes vedteke:

Leiar: Terje Kallevåg            1 år/Ny

Styremedlemmer:

Willy Lodden	1 år
Kåre Bogetveit	2 år
Svein Eide	2 år
Kristen Thorsen	2 år
Kjell Idar Lønning	2 år/ Ny

(Styret fordeler verva mellom seg på første styremøte).

Varamedlemmer:

Jostein Hovland	2 år
Leif Egil Barane	2 år

Valnemnd:

Ove Aga  
John Helmer Monsen  
Karl Vika

Arrangementskomite:

Leif Reidar Vespestad	Kontaktperson
Arne Sandvik	
Tommy Dagsland	
Kåre Skipparvik	

Revisor:

John Helmer B. Monsen

## 8. Prosjekt 2009

Styret v/Willy orienterte om tilhøva rundt kaien og frådeling av området. Det vert sett i gang dugnadsarbeid med nytt skjørt og dekke i løpet av våren.

Bømlo 12.03.09

Kåre Bogetveit  
Referent

Bernt Emil Vika

Ove Aga